

Emne: Svar på førespurnad Gbnr 140/37, 49 og 50 Erstad - utslepp
Frå: Benjamin Hicks <Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no>
Dato: 19.03.2014 09:47
Til: "ivar.hauge@advokathauge.no" <ivar.hauge@advokathauge.no>

Advokatfirmaet Hauge
Steinavegen 8
6800 FØRDE

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Benjamin Hicks	17.03.2014
Vår: 14/2042 - 14/6209	Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no	

Svar på førespurnad Gbnr 140/37, 49 og 50 Erstad - utslepp

Vi takkar for dykkar førespurnad av 03.03.2014.


De skriv at de ikkje har fått svar på dei tre første spørsmåla de stilte til oss i brev av 27.09.2013.

Etter gjennomgang av vårt brev av 07.11.2013 meiner vi at dei tre første spørsmåla de stilte til Lindås kommune i brev av 27.09.2013 er svart på. Vi har likevel valt å presisere vår tilbakemelding på spørsmål 1-3. Vi viser elles til vårt skriv av 07.11.2013: «Dersom du har fleire spørsmål knytt til denne saka vert det vist til dokumenta i saka».

«Korleis kunne kommunen gje utsleppsløyve til bnr. 37, med den løysinga som er i dag, dvs. med røyrgata over bnr. 49 utan at det førelåg privatrettsleg rett for bnr. 37 til å gå med røyra sine over bnr. 49?», og «Korleis kan kommunen seie at den ulovlege etableringa som bnr. 37 hadde anlagt er "legalisert", dvs. lovleggjort ved at bnr. 49, i faktisk villfarelse, søker om tilknytning til eit ulovleg etablert anlegg som dei altså trur er lovleg etablert, og får godkjent tilknytning til det ulovleg etablerte anlegget?»

Søknaden frå bnr. 49 gjaldt ikkje nyetablering av utsleppsanlegg. Dette går klart fram av søknaden med relevante vedlegg. Det vises til opplysningane i punkt 8 i søknaden om utsleppsløyve der det står at din klient «skal tilknytes eks. Biovac minirensanlegg kl. 1 For 2 husstander», og at «Eks anlegg er i dag tilknytt G: 140 B: 37.» Det vises vidare til skøyte der det går fram at din klient har kjøpt seg inn i eksisterande anlegg.

Endra plassering av det godkjente anlegget med røyr som går over bnr. 49 frå bnr. 37 er godkjent og «legalisert» etter søknad frå din klient. Vi viser til innsendt og godkjent situasjonsplan med VA anlegg og leidningar . Utsnitt av denne er skildra under. Situasjonsplanen viser at det føres røyr frå bnr. 37 fram til «eksisterande minirensanlegg for 2 hus» på bnr. 49. Når det er din klient som søker om tilknytning til eksisterande anlegg og samtidig viser ny plassering av anlegget med tilhøyrande røyrleidningar på innsendte situasjonsplanar , er det ikkje naudsynt å be om ytterlegare dokumentasjon på bnr. 37 sine rettar på eigedommen då din klient er grunneigar.



Vi gjer merksam på at søknadsskjemaet «søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg» berre gjeld tilkopling til offentlege leidningar, og er sjølvstøtt ikkje vurdert av plan- og bygningsstyresmaktene eller forureiningsstyresmaktene.

Korleis er det mogeleg for kommunen å godkjenne utsleppsløyve frå bnr. 37 i h.h.t. søknaden frå bnr. 49 når eksisterande anlegg for bnr. 37 ikkje var lovleg etablert?

Løyve til etablering av anlegg blir vurdert og handsama etter plan- og bygningslova. Utsleppsløyve blir handsama etter forureiningslova. Søknadene frå bnr. 49 har ikkje verknad for utsleppsløyvet for bnr. 37.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.